

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

0 mm

10

20

30

40

50

60

70

80

90

100

10

20

30

40

50

60

70

80

90

(Lauvduskar No. 4.)

[Aasen, Ivar]

Her er det Land, som hugar meg best.

Tone: Manden og Konen satte sig ned.

1. Her er det Land, som hugar meg best,
og hit hev' eg lengtat lenge;
her var det stødt, som Hugen var fest
og gjekk i sitt gamle Gjenge.
Vida hev' eg slutt og faret i Kring,
aldri saag eg slike hyggjelege Ting.
Ja, myket hev' eg feet,
og meir hev' eg frett,
men her hev' eg feet det beste.

2. Her er væl Jordi hugleg aa sjaa
og yndeleg paa alla Tider,
høgst naar ho heve Sumarsploggi paa
og blomer til dei øvste Lider.
Aldri vild' eg bytt i nokon-handa Skatt
denne vaar føle sumarljose Natt,
daa Jordi ligg i Skrud
og sov som ei Brud,
og Dagen valjer trutt um Landet.

3. Her heve alt ein vænare Bit,
han gjerer meg so godt i Hjarta;
her er det rett, som alt hadde Bit
og kunde haade lø' og garta.
Folket og eg er lika som eitt,

V box 28:820

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20 30 40 50 60 70 80 90 200 10 20 30

0 mm

alt kvaat dei segja, stynar eg so greidt;
og aldri er der Ord
paa all den vide Jord,
som ganga meg so til Hjarta.

4. Her kann eg kjenna Bygder og Bol
og Berg i so ymsa Nader;
Fjora og Fjell og Himmel og Sol
er kjendar' en andre Stader.
Saart hev' eg saknat Heimen ei Tid,
difyr' er han no so kjær og so blid.
Lat koma kvaat som kann:
eg moster som ein Mann,
og aldri fer eg ut or Landet.

Utor "Ervingen."

[Aasen, Ivar]

Dei trøla, — dei trøla.

1. Dei trøla, — dei trøla
fraa Morgen til Kveld, ja dei trøla;
dei stræva, — dei stræva,
det varer um Alder og Eva;
dei freista alt som dei kann vinna,
dei sanka alt som dei kann finna;
ja dei leita, — ja dei leita
etter alt det som Binningar kan heita.

2. Dei grava, — dei grava
i Berg og i Myr, ja dei grava;
dei byggja, — dei byggja
paa Hus og paa Beg og paa Bryggja.
All Jordi, trur eg, dei vil jamma,

all Malmen, trur eg, dei vil samna;
ja dei emna, — ja dei emna
paa so mangt, som eg inkje veit aa nemna.

Dei kappast, — dei kappast,
som Hundun um Beini dei nappast;
dei sumla, — dei sumla,
som Mauren um Tuva dei tumla.
Sin Skat vil alle med seg føra
igjenom den endelause Rora;
til dei stupu, — til dei stupu,
og til andre hjem i Staden til aa frjupa.

Utor "Ervingen."

[Aasen, Ivar]

Hogferd.

Tone: Du Olemann i Høydal, no kann du vera blid.

1. Alt det som no skal duga, det lyter vera stort;
for upp i Høgdi vilja no alle Folk so fort.
Det teknaar til, at alle den same Hugen faa
aa fara som dei store, og inkje som dei smaa.

2. Dei unge gilde Gutar dei tykja, det er ilst,
at andre Land skal hava so offsa myket gildt,
at Folket der kann skryta og kosa seg so godt
og sskrema sine Grannar og hava deim til Spott.

3. Det er ein Harm aa hoyra ifraa eit annat Land,
at der er større Rikdom og alt i større Stand.
Det er so vondt aa vita, at ut i Landet der
skal vera større Bjar og større Hus en her.

4. Ja, der er Husi høgre med fleire Targar paa
og myket større Salar i Husom til aa sjaa

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

0
mm

100 90 80 70 60 50 40 30 20 10 0
mm

og fleire Folk i Gata og myket større Skaal
og fleire stora Beker og frøgare Maal.

5. Der er det fleire Kjolar, og ny er kvar ein Klut;
med halvtaars-gamle Klæde før ingen ganga ut.
Der er det fleire Truer, som pryda kann sin By
med myket større Staffar og finare Ty.

6. Der ut i andre Landet dei konna halda Lag
med Drykkjer og med Nettar av mange hundrad Slag
og standa stolt um Bordet og drifka si Skaal
med dundrande Talar i eit sprifhjande Maal.

7. Ein Arming er no inlike den rike Mannen lit,
men endaa kann han braaka og laast vera rik;
og sturar han seg upp, er han lika blank aa sjaa,
for Kroppen er vel jamgod, naar Klæde koma paa.

8. Det er den største Gleda, ein liten Fyr kann faa,
at han slepp upp i Hogdi, saa Folk maa honom sjaa;
og kjem der jo ein framand og rosar honom gildt,
so verd han so stolt, at han reint løyper villt.

9. Kven kann so undraast paa, at det feller honom hjert
aa lera slike Ting, som dei rike hava lert,
aa drifka same Drykken og gjera same Skaal,
aa vera same Klædnad og lera same Maal.

10. Den Sida, som snur ut, er no den, som alle sjaa,
og det som er inn under, det ser no ingen paa.
Og sjaa me ut som Herrar, so faa me Herra-Rom,
so lenge til det syner, at Pungen han er tom.

Utor „Symra.“

Christiania. Prentat hjaa H. G. Larsen.